

Fjell (gnr. 3)

Å finne ut heilt visst kva tid eit eldre gardsbruk er rydda, er ofte vanskeleg. Når det gjeld Fjell i Vingrom, kan det seiast nokså sikkert. I rekneskapen for Akershus len år 1623-24 er det såleis fortalt at Karell Fjeld same året fekk 1. bygsel på ”en nylig opryddet ødeplads Fjeld som årligen indtil den ydermere kan forbedres skal gi i landskyld 1 kalvskind”. Same året er det vidare fortalt at ”Lauridtz Gilleberg måtte svara 8 dalar i bøter ”for handt Slogh Karll Fieldtzs Quinde nogen Mundslag, och ett Slag med en Knipell Anden Pindzsdaug”.

Same året overtok elles Gudbrand Olsen bygsla av Fjell og betalde førsteårsleiga med 1 dalar i pengar. Da Gudbrand Fjell i 1627-28 svara det som er kalla 3-års-tage eller Halding, var Fjell framleis ”Kronens, og 3-års-leiga var framleis 4 skilling.

Merkeleg nok er Fjell ikkje nemnt i matrikkelen av 1668 og heller ikkje i matrikkelframlegget av 1723. Derimot er fleire av brukarane på 1700-talet både nemnde og aktivt med. Ein av dei var Johannes Fjell, som i 1753 var husmann og mest truleg på ein av Audenhusgardane. Fem år seinare hadde i 1758 Svein Fjell stemt Torger Rindal til tings fordi han hadde lånt seg ein hest som Svein åtte, og det heilt utan løyve frå eigaren. – I 1784 heitte brukaren i Fjell: Erik Engebretsen. Han lånte da bror sin, Paul Engebretsen Svehaugen, 99 rd. mot pant i husdyr og innbu. Frå 10 år seinare er ei kvittering frå Ole Tostensen Lekhus og Erik Olsen Fjell til formyndaren deira nemleg Erik Olsen Opjordet. Inntrykket er at det hadde vore jamn og god økonomisk framgang i Fjell.

Ved folketellinga i 1801 finn ein heller ikkje Fjell nemnt som sjølvstendig bruk, og visstnok låg Fjell da under søre Hov. I 1810 er det nemleg fortalt at brukaren der, som da var Kristofer Pedersen Hov, gav sjøte til Jens Olsen på halvparten av garden Fjell for 160 rd. Av manntalet for 1801 går det elles fram at kona til Jens Olsen heitte Anne Tostensdr. og visstnok var frå Lekshus. Det er vidare opplyst at Jens og Anne Fjell i 1801 hadde fire born. Det var: a. Ole, som da var 8 år, b. Tosten, 5 år, c. Kari, 3 år, d. Marta, 1 år.

Kring 1820 levde Anders Sørensen Fjeld. Han dreiv ei tid med handel og hadde stort pengeforbruk. Den 27. mai 1820 lånte han såleis 400 spd. av Jacob Peter Wehye på Audenhus, og året etter lånte han 115 spd. av kaptein Bjerkebek og 115 spd. av Lars Olsen Grundt. Båe dei to siste låna var mot pant i garden Audenhus, som han da åtte.

Litt om storleiken på gardane går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om Fjeld fortalt at krøterhaldet av store husdyr i den tid var 2 kyr, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 5 tønner.

I 1838 var den gamle landskyld i huder og skinn skifte ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Gardsbruket Fjeld fekk da om si nye matrikkelskyld: 1 ort og 11 skilling, og det var da Ole Jensen, som vi kjenner litt til frå 1801, som var oppsittar i Fjell.

Fem år seinare var i 1843 husbonden Anders Sørensen Fjell død, og det var arveskifte på ”Fjeld i Lillehammer, Faaberg” ved dette skiftet utgjorde arvebuet brutto 174 rd. og netto 162 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Aase Torgersdr. dei 5 borna i ekteskapet. Dei var: 1. Søren, 2. Anders, 3. Anne, som hadde vore gift med Peder Ulland og hadde 5 born etter seg, 4. Mari, som var gift med Hans Klæva, 5. Andrine, som var ugift.

Etter nye 9 år var det i 1852 atter arveskifte på "Fjeld i Lillehammer, Faaberg", og denne gongen etter føderådskona Anne Tostensdtr, f. Lekshus, og som ved døden var 95 år. Ved dette skiftet vart elles "Boet ekstraderet sønnen Ole Jonsen til fri Raadighet". Tri år seinare fekk i 1855 sonen Ole Jensen Fjeld skjøte frå dei andre arvingane på farsgarden Fjell for kjøpesum 100 spd.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det gitt fleire nyat opplysningar om gardane. Der er det så om Fjeld oppgitt at garden framleis var delt, og at Ole Jensen berre hadde den einae halvparten. Det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer på baa halvpartane var elles 62 mål, og av dette var 13 mål jord av 1. klasse.